

MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

---

|                        |                                |
|------------------------|--------------------------------|
| <b>Dato</b>            | 24.05.2023                     |
| <b>Vår referanse</b>   | 2022/96191-5                   |
| <b>Deres referanse</b> |                                |
| <b>Saksbehandler</b>   | Andreas Sivertsen Våge         |
| <b>E-post</b>          | Andreas.Sivertsen.Vage@vlfk.no |
| <b>Telefon</b>         | 45617420                       |

## Vedtak - søknad om endra bruk av avkøyrslø - fv 570 Austfjordvegen - gnr 30 bnr 37 - Masfjorden kommune

Vi viser til søknad av 05.05.2023.

### Saka gjeld

Det er søkt om endra bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 570 Austfjordvegen i samband med bruksendring frå tannklinikk til mottak av flyktingar på gnr. 30 bnr. 37 i Masfjorden kommune. Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur veg har vore på synfaring på staden og påpeikt utbetningspunkt for at avkøyrsla skal vert godkjent.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til endra bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 570 til eigedomen på gnr. 30 bnr. 37 i Masfjorden kommune.

Du kan ikkje ta avkøyrsla i bruk før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Når avkøyrsla er ferdig bygd skal det vedlagde skjemaet Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø underskrivast og sendast i retur til Vestland fylkeskommune. Vi vil så vurdere om vilkår er oppfylt for å gje løyve til bruk av avkøyrslø.

### Vilkår for løyvet

- Hjørneavrundinga mot nord må tydeleggjerast. Sjå vedlagt prinsippskisse.
- Løyvet gjeld endra bruk av eksisterande avkøyrslø til eigedomen på gnr. 30 bnr. 37 i Masfjorden kommune.
- Avkøyrslø skal utformast i tråd med vedlagd prinsippskisse. Krava er mellom anna:
  - Siktkrav er 6x45 m fri sikt. Det kan ikkje vere sikhinder i siktsona høgare enn 0,5 meter.
  - Svingradius skal vere 4m. Svingradius skal avgrensast tydelig mot sideterrenget med betongkant, grøft eller anna avvisande kant.
  - Avkøyrslø skal ha fall på 5 cm dei to første metrane ut frå fylkesveg.
- Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
- Dersom avkøyrslø går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til*

utforming av avkøyrsløse.

6. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløse, frisksikter og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
8. Kommunen kan/skal ikkje gje løyve til igangsetting/bygging før avkøyrsløse er endeleg godkjent.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløse fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsløse kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

### Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på veggen det er søkt om avkøyrsløse frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsgjennsnittet (ÅDT) er 350. Fylkesvegen er klassifisert til haldningsklasse 3, jf. Rammeplass 2021 – 2024. Dette betyr at Austfjordvegen har funksjon som viktig hovudveg, dette inneber at utvida bruk av avkøyrsløse bør avgrensast. Der årsgjennsnittet er under 800, kan utvida bruk av avkøyrsløse godkjennast der tekniske krav vert stetta. Fylkeskommunen har vert på synfaring saman med Masfjorden kommune og sett på avkøyrsløse. Dei tekniske krava var då ikkje tilfredstilt. Avkøyrsløse er no betydeleg utbetra med tanke på dei tekniske krava og trafikktryggleiken på staden.

Hørneavrundinga mot nord i avkøyrsløse må definerast betre, slik den er gjort mot sør i avkøyrsløse, før ein kan pårekne endeleg godkjenning, sjå vilkår nr 1. Etter ein samla vurdering av tilhøva på staden gir vi løyve til endra bruk.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med hilsen

**Kari Elster Moen**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Andreas Sivertsen Våge**  
rådgiver  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Prinsippskisse+avkøyrsl-Masfjordenpdf
- 2 Melding+om+opparbeidd+avkøyrsl-Masfjorden
- 3 situasjonsplan\_Utsnitt\_avkjøring,\_FV570\_ved\_Masfjordnes.png.pdf
- 4 andrevedlegg\_Tatt\_i\_avkjøringa\_mot\_nord.jpg.pdf
- 5 andrevedlegg\_Tatt\_i\_avkjøringa\_mot\_sør.jpg.pdf
- 6 andrevedlegg\_Tatt\_mot\_nord\_ved\_avkjøringa.jpg.pdf
- 7 andrevedlegg\_Tatt\_4\_m\_inn\_fra\_vegkant.jpg.pdf
- 8 andrevedlegg\_Tatt\_mot\_nord\_mot\_avkjøringa.jpg.pdf